Høyringsutkast til forvaltningsplan

Hattebergsdalen landskapsvernområde

September 2026



Foto: Astrid Bakke Haavik, 2016

Innhald

Om forvaltningsplanen 3
Kunnskapsgrunnlaget 3
Kort skildring av området 3
Naturverdiar 4
Geologi 4
Naturtypar 5
Raudlista naturtypar 6
Artar i verneområdet 8
Tilleggsopplysningar 9
Forvaltingsutfordringar 9
Brukshistorie i Hattebergsdalen landskapsvernområde 10
Verneprosess 10
Bygg og installasjonar 10
Landbruk 10
Jakt og Fiske 11
Friluftsliv 11
Kulturminne 12
Forvaltningsplan for Hattebergsdalen landskapsvernområde 14
§ 2.Formål 14
Forvaltningsmål 14
Strategi 14
Tiltak 16
Retningsliner 19
Generelle retningsliner i byggjesaker 24

Om forvaltningsplanen

Merk at sjølve forvaltningsplanen vert eit digitalt verktøy som alle får tilgong til. Mens vi ventar på tilgong til ny løysing ser arbeidsutkastet slik ut. Endeleg utsjånad blir noko anna enn dette dokumentet, men forvaltningsplanen skal innehalde desse elementa:

- Oppdatert kunnskapsgrunnlag
- Forvaltningsmål
- Tiltak (for å nå måla, i prioritert rekkefølgje)
- Retningsliner

Kunnskapsgrunnlaget

Dette kunnskapsgrunnlaget er eit resultat av arbeidet med å samle inn relevant informasjon i samband med revidering av forvaltningsplanen for Folgefonna og dei kringliggande landskapsvernområda. All forvaltning av verneområda skal vere kunnskapsbasert, som vi oppsummerer i dette dokumentet som eit vedlegg til forvaltningsplanen. Kunnskapsgrunnlaget er i det meste ført i pennen av Henriette Bye. For meir utdjupande kunnskap om verneområda anbefaler vi boka Folgefonna og fjordbygdene, utgitt i 2011.

Kort skildring av området

Hattebergsdalen landskapsvernområde er om lag 15,4 km2. Landskapsvernområdet og nærområda representerer høge landskapskvalitetar. Nedanfor landskapsvernet, mot Rosendal, ligg kulturlandskapet rundt Baroniet, og langs Muradalen ligg det massive fjell som Malmangernuten og Melderskin. Desse fjella er særmerkte, og har vore motiv for fleire kjende kunstverk. I botnen av dalføret renn Hattebergselva, som har fleire særmerkte fossar og er varig verna mot kraftutbygging.

Hattebergsdalen vert gjerne omtala synonymt med Muradalen, men landskapsvernområdet er vesentleg større enn sjølve Muradalen og ein vesentleg del av verneområdet ligg i fjellet. Dei fleste utfordringane for forvaltinga har likevel med Muradalen å gjere.

Muradalen representerer ein viktig innfallsport til fjella mot Folgefonna, og fleire mykje nytta turløyper har utgangspunktet sitt her. Friluftsbrukarane representerer fleire ulike kategoriar. Mange av fjellvandrarane høyrer til lokalt eller i regionen, men mange kjem òg frå andre landsdelar eller utanlands frå. Det er grunn til å tru at den sistnemnde gruppa kan verte større i åra som kjem, ettersom området ligg nær turistattraksjonar som Baroniet og Rosendal. Hattebergsdalen er òg det næraste dalføret til nasjonalparksenteret i Rosendal, og eignar seg godt for dagsturar for folk som besøkjer senteret.

Vegen inn dalen er ikkje stengd med bom, men det er sett opp skilt. Det er lite ynskjeleg med mykje motorferdsel inne i landskapsvernområdet, og køyring utanom nyttekøyring er forbode, jf. pkt. 5 i vernereglane. I dag er det ikkje gode parkeringsforhold ved grensa til verneområdet. Spørsmålet om parkering for turgåarar må eventuelt takast opp med kommunen og handsamast etter plan- og bygningslova.

Hattebergsdalen er det landskapsvernområdet på Folgefonnhalvøya som er sterkast prega av landbruk. I den relativt flate dalbotnen i Muradalen finst ein del fulldyrka areal, men mesteparten av landbruksarealet her vert i dag brukt som innmarksbeite for sau og storfe. Det er planta fleire felt med gran i liene, men fleire av desse står vanskeleg tilgjengeleg for hogst. Lauvskogen dominerer skogbiletet, mest bjørk og gråor, men også noko varmekjære treslag som alm og ask.

Inst i dalen ligg Muradalen kraftverk. Det har vore kraftproduksjon i området sidan 1919. Som del av kraftanlegget er det fleire tekniske installasjonar inne i landskapsvernområdet, som demningar ved Svartavatnet og Prestavatnet, inntaksbasseng i elva og røyrgate. Rosendal og Omland Vassverk har sidan 1950-talet nytta Hattebergselva som vasskjelde.

Nærleiken til det særmerkte kulturlandskapet ved Baroniet i Rosendal gjer det naturleg å sjå forvaltinga av Hattebergsdalen landskapsvernområde i nær samanheng med dette. Det er såleis særs viktig å halde kulturlandskapet i dalbotnen i god hevd, mellom anna ved å halde fram med beiting som i dag.

Hattebergsdalen skal halde oppe funksjonen sin som ein mykje nytta innfallsport til fjellmassiva innanfor. Saman med mektige fjell utgjer den varig verna Hattebergselva eit sentralt og viktig landskapstrekk. Bruer og tekniske installasjonar i verneområdet ser ikkje særleg vakre ut, og det bør det gjerast noko med så snart råd er.

Naturverdiar

Geologi


I nasjonal samanheng er Folgefonnhalvøya særleg interessant frå ein geologisk ståstad. Det er eit stort mangfald av bergartar med strukturar som fortel om ulike geologiske hendingar. På halvøya finn vi alt frå dei eldste til dei yngste bergartane i Noreg, og eit enormt spekter i tid er representert i ulike område og felt på halvøya.

Berggrunnen er dominert av fattige og svakt intermediære bergartar som diorittisk til granittisk gneis i søre delar, granitt og granodioritt i nordre delar, og noko rikare gabbro og amfibolitt lengst vest.

Naturtypar

Naturtypane i Hattebergsdalen landskapsvernområde vart kartlagt av miljøfagleg utredning i 2019. Kartleggingsinstruksen inkluderte då ikkje kartlegging av vassdragsnatur.

Den naturtypen som utgjer mest areal i verneområdet er «fjellhei, leside og tundra», som utgjer om lag 35% av arealet i verneområdet (figur 1). Mykje at arealet er likevel i fleire høve registrert som større område med mosaikk av naturtypen i kombinasjon med nakent fjell. Den reelle prosentandelen vil difor truleg vere lågare. Nakent berg utgjer utifrå kartlegginga om lag 14% av det totale arealet. Samla utgjer naturtypar knytt til fjellområda over halve arealet i verneområdet. Skogsmark utgjer om lag ein firedel. Etter desse er semi-naturleg eng den mest arealdekkjande arealtypen med 7% av arealet.




Figur 1. Fordeling av dei ulike naturtypane i verneområdet etter prosentvis dekning. Naturtypar som utgjer under 2 % av det totale arealet er samla i ei felles gruppe. Fullstendig liste med alle naturtypar i vedlegg 1.

Raudlista naturtypar

I overkant av halve arealet i verneområdet er på raudlista for naturtypar. Mykje er registrert som «fjellhei, leside og tundra», som er vurdert som «sårbar – VU» (figur 2 og 3). Naturtypen er i hovudsak under press grunna klimaendringar med påfølgjande attgroing.


Semi-naturleg eng opptek nest mest areal av dei trua naturtypane i verneområdet. Attgroing grunna manglande hevd er hovudtrugsmålet mot naturtypen. Fleire av områda er i sein attgroingsfase, og har vakse til med tre. Samansettinga av artar i botnsjiktet fortel likevel at areala har vore nytta til beite- og slåttemark tidlegare.

Den boreale heia trugast òg av attgroing, men tilveksten kan stoggast med auka beitetrykk.




Figur 2. Fordeling av trua natur i Hattebergsdalen LVO. Areala registrert som fjellhei, leside og tundra er i realiteten større område med ein mosaikk av naturtypen kombinert med nakent berg. Det faktiske arealet vil difor vere mindre enn figuren gjev uttrykk for, og dermed utgjere ein mindre andel.

Ser ein vekk får fjellhei, leside og tundra, som er mest påverka av endringar i klima, er mykje av områda i verneområdet på raudlista trua grunna redusert eller manglande hevd (figur 4). Auke i den tradisjonelle drifta vil sikre areal av dei trua, hevdavhengige naturtypane. Såleis vil levestad for artar nytt til naturtypane bli ivareteke, samtidig som kulturhistoria vert vidareført.



Figur 3. Område der arealet er ≥50% av ein trua naturtype.



Figur 4. Hevdavhengige, trua naturtypar.

Artar i verneområdet

Av interessante artsfunn kan det nemnast artar som kystfrøstjerne (VU), narrepiggsopp (tidlegare nær trua) på alm (VU), og praktlav sp. (VU) (praktlav ble i 2018 splitta i tre ulike arter, og kjemiske undersøkingar er ofte nødvendig for å skilja dei). Andre nokså vanlege artar som vart registrert er blyhinnelav, skrubbenever og grynvrenge, samt torvnavlesopp. Det er òg truleg om lag 29 artar fugl som hekker innafor vernegrensa.

Innanfor verneområdet er det registrert 15 prioriterte artar (tabell 2). Dette er artar der ≥25% av arten har Noreg som levestad. Dette gjev eit særskilt forvaltingsansvar overfor desse artane.

Tabell 1. Prioriterte artar registrert i Hattebergsdalen landskapsverneområde.

Latinsk namn	***Norsk namn***
Lagopus muta	Fjellrype
Turdus pilaris	Gråtrost
Gentiana purpurea	Søterot
Saxifraga cotyledon	Bergfrue
Kalmia procumbens	Greplyng
Phyllodoce caerulea	Blålyng
Saussurea alpina	Fjelltistel
Bartsia alpina	Svarttopp
Festuca vivipara	Geitsvingel
Anastrepta orcadensis	Heimose
Breutelia chrysocoma	Gullhårmose
Racomitrium ellipticum	Kulegråmose
Acanthis flammea	Gråsisik
Buteo lagopus	Fjellvåk
Anthus pratensis	Heipiplerke


Raudlisteartar

Sidan 1995 er det registrert 15 artar på raudelista for artar som har sin levestad i verneområdet (figur 6). Nokre av desse er spesielt knytt opp til kulturlandskapet i verneområdet.

Trollpraktlav (EN), gulbrun narrvokssopp (NT) og papillvokssopp (VU) er eksempel på artar som er knytt til kulturlandskapet. Dette er artar som er knytt til kulturpåverka naturtypar som haldast ope med beite. Reduksjon i habitat grunna attgroing er hovudårsaka til nedgangen i førekomstar.

Artane kystfloke (NT), flaummose (NT) og vasshalemose (NT) er knytt til vassdrag. Det er antatt at utbygginga av vassdrag til småkraft vil føre til ei reduksjon i førekomsten av desse artane på sikt. Lokalitetar fri for inngrep som påverkar

vasstilhøva vil difor bli enda viktigare for å ivareta populasjonar av arter knytt til denne typen natur.



Figur 5. Fordeling av tal artar i det ulike raudlistekategoriane.

Framande artar

Innanfor verneområdet er dei framande artane gran, lerk, hagesveve, buskfuru, sitkagran (SE), hageeple (SE) og lerkesopp (PH) registrert. Treplantasjar med framande bartre dekkjer delvis store areal i nordvestre delar. Stadvis har framande bartre også vorte planta lenger inn i dalen. Ein treplantasje med antatt buskfuru ligg òg i mellomalpin sone nordaust for Stølsvatnet.

Det er ikkje utført ei systematisk registrering av framandare artar i verneområdet. Det vil truleg vere fleire tilfelle som ikkje er fanga opp.

Tilleggsopplysningar

Hattebergvassdraget er varig verna etter vassressurslova (045/1 Hattebergvassdraget - NVE). Sjølv om nærleiken til breen er tydeleg, er Hattebergvassdraget eit av dei få vassdraga i området som ikkje er brepåverka.

Det er fem vatn i landskapsvernområdet; Svartavatnet ligg øvst på 773 moh., så kjem Øyravatnet, Stølsvatnet, Isorvatnet og Prestavatnet på 601 moh. Alle vatna er regulerte og det er vasskraftutbygginga i Murabotn som har definert grensene for landskapsvernområdet og nasjonalparken.

Forvaltingsutfordringar

Attgroing av dei hevdkrevjande naturtypane er det største trugsmålet mot dei truga naturtypane og kulturlandskapet som har gjeve sitt preg til Hattebergsdalen. Auka temperaturar som følgje av klimaendringar aukar og hastigheita på attgroinga. For å

snu trenden vil det vere naudsynt å ta opp att den tradisjonelle bruken av områda som i dag gror att.

Plantefelta som ligg over skoggrensa i austre den av verneområdet vurderast til å ha lågt spreiingspotensiale. Nedanfor skoggrensa hastar det meir med å fjerne framande bartre for å hindre spreiing, men med tanke på landskapsestetikk, bør desse helst fjernast systematisk innanfor heile verneområdet. Det er elles ikkje utført noko systematisk registrering av framande artar innafor verneområdet. Betre kunnskapsgrunnlag vil gje betre føresetnad for forvaltinga av verneområdet.

I 2023 vart det telt besøkande langs vegen inn til Murabotn og langs rundturen rundt Hattebergsfossen i perioden mai til november. Det var 7500 innpasseringar langs vegen til Murabotn og 24500 passeringar langs stien rundt Hattebergsfossen.

Brukshistorie i Hattebergsdalen landskapsvernområde

Verneprosess

Eigarstruktur

Det er 30 eigedommar som er omfatta i Hattebergsdalen landskapsvernområde. Dei aller fleste er private men Kvinnherad kommune eig mindre eigedommar i tilknyting til kraftverket.

Bygg og installasjonar

Kvinnherad Energi AS driv Muradalen kraftverk med kraftstasjon inst i Muradalen, om lag 4,5 km aust for Rosendal sentrum. Hattebergselva er varig verna mot ny kraftutbygging, og sjølve kraftstasjonen med damanlegg ligg inne i Hattebergsdalen landskapsvernområde.

Inne i landskapsvernområdet ligg elles fleire installasjonar knytte til kraftanlegga, som demningar og pumpehus ved Svartavatnet og Prestavatnet, inntaksbasseng, røyrgate og kraftline.

Landbruk

I nedre delar (sjølve Muradalen) er landskapsvernområdet til dels sterkt prega av lang tids landbruksdrift, og kulturlandskapet er ein viktig estetisk kvalitet ved verneområdet. I dag dreiar landbruksdrifta seg i hovudsak om beiting, og ingen av driftsbygningane i verneområdet er i aktiv bruk. Beiteareala er likevel lett tilgjenge pga. grusvegen i dalbotnen.

Muradalen er elles mykje prega av gråore-skog. Mange stader er det stort innslag av døde tre som følgje av angrep frå orebladbilla. Gråorskogen er jamt over nokså ung, og representerer ein suksesjonsfase i attgroinga av tidlegare beitemark. Skogen nær dagens beitemark bør difor kunne skjøttast ved hogst, både for å frigjere beiteareal og av landskapsestetiske årsaker. Men av omsyn til biologiske verdiar bør ein del av trea få lov til å verte gamle.

Skogsdrifta i området dreiar seg i dag berre om vedhogst, og etter pkt. 2.3 a i vernereglane er det lov å halde fram med vedhogst til eigen bruk for hytter, stølar ol. i landskapsvernområdet. Framtidig vedhogst bør likevel ha som mål å spare den eldste lauvskogen, noko som ikkje minst er viktig for biologiske verdiar. Det er planta fleire teigar med gran og også noko lerk i Muradalen. Dette er framande treslag som på sikt bør fjernast. Skogen kan stå til han er hogstmoden, men det bør haldast kontroll med spreiing frå desse felta. Vernereglane opnar for å ta ut ståande kulturskog, dvs. skog som er planta med tanke på framtidig hogst, og etablering av ny skog i desse felta, men ny kulturskog skal vere av stadeigne treslag (pkt. 2.3 b i vernereglane).

I Markaskòrane finn vi ein edellauvskog med hassel, ask og alm. Her er det innslag av styvingstre, som viser at skogen tidlegare har vorte hausta. Det vil likevel truleg vere best for dei biologiske verdiane her at skogen får utvikle seg naturleg, utan inngrep.

Store områder består av gammel kulturmark i varierende gjengroingstilstand (se kapittel ovenfor og fig. 4 - 7). I forhold til i gamle dager, er beitepresset per i dag antageligvis for lavt. Dagens beitepress virker nokså ujevnt fordelt og varierer fra svakt intensivt i hoveddalen til nokså sporadisk beitepress lenger opp i liene. Noen tidligere åpne områder i nordøst er allerede tett bevokst med ung gråor (fig. 6). For å bevare landskapets preg av gammel kulturmark, bør det vurderes å øke beitepresset utenfor hoveddalen i perioder, og da helst med ulike dyreslag.

Jakt og Fiske

Det er hjortejakt i landskapsvernområdet og mogleg også noko småviltjakt. Det er sett ut aure i vatna.

Friluftsliv

Hattebergsdalen ligg nært tettstaden Rosendal, som i sommarhalvåret har god tilstrøyming av turistar. I 2023 vart det telt 7500 innpasseringar på vegen inn i Hattebergsdalen og 24400 passeringar på stien rundt Hattebergsfossen.

Mange av turane med utgangpunkt i Rosendal vil vere dagsturar, og ikkje alle har høve til å nytte dei merkte turløypene mot fjellet. Muradalen er lett tilgjengeleg, og denne delen av landskapsvernområdet kan gjerast meir attraktiv for turbruk enn tilfellet er i dag, sjølv med små grep, som betre skilting, parkeringsforhold og inngjerding av beitedyr, utan at dette bryt med verneføremålet.

Det er ikkje forbod mot motorferdsel på grusvegen i Muradalen, men grunneigarane tillet normalt ikkje bruk av motorkøyretøy utover nødvendig ferdsel i samband med landbruksdrift og drift og vedlikehald av kraftstasjonen. Vegen er ikkje stengd med bom, men det er sett opp skilt. Ved skiltet er det parkeringsplass, men denne kan verte for liten i framtida.

På sikt kan det vere nødvendig å følgje utviklinga når det gjeld bilkøyring i landskapsvernområdet. Ifølgje pkt. 5.4 i vernereglane, kan forvaltingsstyresmakta forby eller regulere motorferdsla dersom dette er nødvendig for å sikre verneføremålet.


Hattebergsdalen vert årleg nytta i samband med feltskyting. Arrangementet vert lagt til ei helg tidleg om våren. Aktiviteten fører ikkje til inngrep i landskapet, og vil slik ikkje vere i strid med verneføremålet. Aktiviteten skjer òg til ei tid på året då turtrafikken gjennom området er relativt låg. Det er viktig at denne aktiviteten ikkje kjem i konflikt med turgåing og friluftslivet sine vilkår i dalen, og tidspunktet for arrangementet vil difor vere ope for diskusjon.

Fotturen ”Folgefonna på langs” går i hovudsak frå Rosendal, Jondal, Blådalen eller Reisete om Revavatn. Hattebergsdalen er nytta som nedgangspunkt for denne turen.

Reiselivet i regionen er i stadig utvikling og besøkstala har auka omtrent kvart år.

Kulturminne

Kva
4 kolgroper sør for Hattebergselva, sjå kart.



Figur 6: Kart over kolgroper i Hattebergsdalen

Rund kolgrop - Ca. 5 meter i tverrmål og opp mot 0,5 meter djup. Om lag 2 meter indre tverrmål målt mellom botn og voll. Trekol påvist med sonderingsbor.

Kolgrop på ei tørr landtunge (truleg enden av ei svært gammal rasvifte) ned mot Hattebergselva. Avstand til elva i aust er 25 meter og avstand til stien som går forbi i SV er ca. 10 meter. Kolgropa har eit ytre øvre tverrmål på omlag 5 meter, indre øvre tverrmål ca. 1,5 meter og ei djupn på 0,6 meter. Steinsett/hellelagt botn der det vart påvist eit trekollag på vel 5 cm. Vollane på kolgropa er ikkje svært tydelege.
Kolgrop på ei tørr landtunge (truleg enden av ei svært gammal rasvifte) ned mot Hattebergselva. Avstand til elva i aust er 20 meter og avstand til stien som går forbi i SV er ca. 13 meter. Kolgropa har eit ytre øvre tverrmål på omlag 6 meter, indre øvre tverrmål ca. 2 meter og ei djupn på 0,7 meter. Steinsett/hellelagt botn der det vart påvist eit trekollag på over 10 cm. Vollane på denne kolgropa er svært tydelege.
Kolgrop ligg like ved vestbreidda av Hattebergselva, 75 meter SSA for kolgrop id. 272060. Avstand til elva i aust er knappe 4 meter og avstand til stien som går forbi i VSV er ca. 12 meter. Kolgropa har eit ytre øvre tverrmål på omlag 5 meter, indre øvre tverrmål ca. 2 meter og ei djupn på 0,6 meter. Steinsett eller hellelagt botn der det vart påvist eit trekollag på 7-8 cm. Vollane på kolgropa er synlege, men ikkje svært tydelege. Automatisk freda etter § 4 i kulturminnelova

Infrastruktur og motorferdsel

Det går ein bilveg gjennom landskapsvernområdet. Ferdselen på bilvegen er ikkje regulert gjennom verneforskrifta, og vegen er kommunal. Det er sett opp skilt om at ferdsel er forbode for andre enn grunneigarar. Vegen er i bruk for tilsyn og drift av kraftverket og vassverket som begge ligg inne i landskapsvernområdet.

Forvaltningsplan for Hattebergsdalen landskapsvernområde

§ 2.Formål

Formålet med Hattebergsdalen landskapsvernområde er å:

- ta vare på eit eigenarta og vakkert naturområde med store opplevingskvalitetar knytt til heilskapen og variasjonen i naturen frå dalføret opp mot høgfjellet
- sikre viktige geologiske førekomstar og biologisk mangfald
- sikre verdfull vassdragsnatur
- verne om verdfulle kulturlandskap og kulturminne.

Ålmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging.

Forvaltningsmål

- Vi vil sikre og styrkje verneverdiane i eit langsiktig perspektiv.
- Vi let skogen utvikle seg mot naturskog ved å styre framtidig hogst ved hjelp av skogbruksplanar.
- Vi held kulturlandskapet ved like ved å støtte opp om aktiv beitebruk og skjøtsel
- Vi tek vare på og synleggjer utvalde kulturminne i verneområda
- Vi legg til rette for gode og inkluderande naturopplevingar utan å forringe verneverdiane

Strategi

Samhandling og kunnskapsdeling

Nasjonalparkstyret skal samarbeide tett med kommunar, reiseliv, frivillige, grunneigarar og andre aktørar for å sikre heilskapleg forvalting. Dette inkluderer deling av kunnskap, felles besøksstrategiar og oppfølging av verneføremål.

Berekraftig tilrettelegging og kanalisering

Tiltak skal rettast mot område med høgt besøkstrykk, og gjennom fysisk tilrettelegging som stiar, bruer og klopping skal ferdsel kanaliserast for å verne natur og kulturminne. Tiltaka skal vere estetisk gode og med minst mogleg inngrep. Vi arbeider med indirekte verkemiddel for å få ned slitasje som følgje av besøk

Informasjon og formidling

God og målretta informasjon skal bidra til forståing for verneverdiane, førebyggje konfliktar og fremje god åtferd. Informasjonen skal vere positiv, tilpassa ulike målgrupper og i tråd med nasjonal merkevarestrategi. Vi bruker lokale historier og kulturminne aktivt i kommunikasjonen.

Aktiv bruk og lokal verdiskaping

Verneområda skal leggje til rette for friluftsliv, beiting, tradisjonell bruk og lokal verdiskaping. Reiselivet skal utviklast i tråd med verneføremåla, og det skal leggjast til rette for samarbeid med lokale aktørar.

Kunnskapsbasert og framtidsretta forvalting

Forvaltinga skal vere basert på oppdatert kunnskap, og det skal leggjast til rette for forsking og undervisning. Klimaendringar og andre truslar krev ei dynamisk og føre var-tilnærming for å sikre verneverdiane over tid

Tiltak

Kva må til for å nå måla for verneområdet?

- Overordna og konkrete tiltak
- Kva rår vi over?
    - Mynde
    - Økonomi
    - Samarbeid
    - Kapasitet

Verne-område	**Pri. (1-3)**	**Tiltak**	**Forankring**	**Mogleg i samarbeid med**	**Gjen-nom-føring**
Alle	1	Halde oversikt over tilstand og status for artar og naturtypar som er heimehøyrande i verneområda	Forvaltningsplan		Løpande
Alle	1	Følgje tiltaksplan for restaurering og overvaking på sårbare kvartærgeologiske lokalitetar (sjå konkrete tiltak)	Kvartærgeologiske verneverdier i Folgefonna nasjonalpark - vurdering av sårbarhet og slitasje, Hardeng 2025	Besøkssenter	Løpande
Alle	1	Lage og iverksetje skjøtselsplanar i samarbeid med grunneigarar for å bevare skjøtselskrevjande naturtypar, etter kartlegging og prioritering	Forvaltningsplan	Grunneigar, kommunar	Innan 2030

Alle	1	Kartlegge tilstand og behov for skjøtsel i skjøtselskrevjande naturtypar og lage ein prioritering for oppfølgjing	Forvaltningsplan	Grunneigar, kommunar	Innan 2030
Alle	2	Kartlegge kulturminne og lage ein plan for formidling av utvalde kulturminne i verneområdet	Forvaltningsplan	Grunneigar, kommunar	Innan 2028
Alle	2	Utarbeide nærare retningsliner for kva som kan reknast som tradisjonell byggjeskikk i området (har vi fullført dette i retningslinene for bygg?)	Forvaltningsplan	Kulturminnemyndighe it	Innan 2028
Alle	1	Utarbeide ein plan for kanalisering, avbøting av slitasje, merking og opparbeiding av stigar, bruer og ferdselsvegar, inkludert område som ikkje bør merkjast.	Besøksstrategi	Besøkssenter	Innan 2028
Alle	2	Måle ferdselstrykk, slitasje og gjere sårbarhetsvurderingar, etter plan	Besøksstrategi	Besøkssenter	Løpande
Alle	3	Gjennomføre ny brukarundersøking innan 10 år for å kartlegge besøkande si oppleving av landskapet	Besøksstrategi	Besøkssenter	Innan 2028
Alle	1	Kartlegge behov for kanalisering og revegetering der besøk har ført til slitasje på vegetasjonen	Besøksstrategi	Besøkssenter	Løpande
Alle	1	Tilrettelegge dei mest besøkte innfallsportane etter prioritering; Bondhus, Buer, Rosendal, Sommarskisenteret (?), Langfoss	Besøksstrategi	Besøkssenter, kommunar, grunneigarar	Innan 2030
Alle	2	Oppdatere alle informasjonsskilt, etter skiltplan	Besøksstrategi	Besøkssenter	Innan 2030

Alle	3	Ha årlege møte og samlingar/vertskapskurs for reiselivet tilknytta Folgefonna med tema som; samhandling, felles utfordringar, moglege konfliktpunkt, besøkande si kundereise og oppleving av reisa	Besøksstrategi	Besøkssenter	Løpande
Alle	3	Rullere besøksstrategi og kommunikasjonsplan ved behov	Forvaltningsplan	Besøkssenter	Løpande
Alle	3	Opprette ressursgruppe under merkevaren Norges nasjonalparker med representantar frå Folgefonna nasjonalparkstyre, Besøkssenter nasjonalpark Folgefonna, Ullensvang nasjonalparkkommune og Jondal nasjonalparklandsby for å samordne informasjon og tiltak under merkevara	Besøksstrategi	Besøkssenter	2026
Alle	3	Nasjonalparkstyret skal bidra med kunnskap om verneområda og rettleie reiselivsbedrifter ved utvikling av nye reiselivsprodukt knytt til Folgefonna	Besøksstrategi	Besøkssenter	Løpande
Alle	2	Lage opplegg for nærturar med informasjonsmateriell retta mot born og unge i samarbeid med besøkssenter nasjonalpark Folgefonna,	Besøksstrategi	Besøkssenter	2027
Alle	3	Halde oversikt over omfang og type organisert verksemd og prøve å styre aktivitetane gjennom rettleiing og medverknad. Forvaltingsstyremakta skal halde kontroll med større arrangement og organiserte turar som eit førebyggjande tiltak mot slitasje og skade.	Besøksstrategi	Besøkssenter	Løpande
Landskaps-vernområda	1	Lage planar for fjerning av framande treslag i alle landskapsvernområda i samråd med grunneigarane	Forvaltningsplan	Grunneigar, kommunar	Innan 2030
Hattebergsdalen		Lage ein overordna skjøtselsplan for landbruksjorda i Hattebergsdalen i samråd med bruk i drift.			

Retningsliner

- Skal forklare og rettleie i verneforskrifta for brukarane og forvaltar
- Kan ikkje gå ut over juridiske ramme sett i verneforskrifta
- Under følgjer ei kronologisk opplisting av vernereglane, med tilhøyrande retningsline.
- Døme på bruk: du treng løyve til å frakte proviant til stølen, kva reglar gjeld og korleis vil styret handsame søknaden din?

Retningslinene følgjer verneforskrifta si rekkefølgje punkt for punkt.

Forskriftsreferanse

§ 3.Vernereglar

1. Landskapet

1.1 Inngrep i landskapet

Området skal vernast mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter. Med dei unnatak som følgjer av forskrifta punkt 1.2 og 1.3 er det generelt forbod mot inngrep som vegbygging, oppføring av bygningar eller anlegg, andre varige eller mellombelse innretningar, bergverksdrift, vassdragsregulering, graving og påfylling av masse, boring og sprenging, bryting av stein, mineral eller fossil, fjerning av større stein og blokker, drenering og anna form for tørrlegging, nydyrking, nyplanting, bakkeplanering, snauhogst, framføring av leidningar i lufta og i jorda, bygging av bruer og klopper, Oppsetting av skilt, merking av stiar og turløyper og liknande. Kulturminne skal vernast mot skade og øydelegging. Opplistinga er ikkje uttømande.

Fylkesmannen avgjer i tvilstilfelle om eit tiltak kan endre landskapet sin art eller karakter vesentleg.

Retningsline:

I landskapsvernområda er det forbod mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på karakteren til landskapet.

Fysiske inngrep som graving, sprenging, utfylling eller bygging. Visuelle endringer som påvirker hvordan landskapet oppfattes, for eksempel oppføring av bygninger, veier eller kraftlinjer. Endringer i bruk som gjør at området ikke lenger fungerer som før, for eksempel fra jordbruk til industri.

Vurderinga av landskapets art og karakter handlar ofte om: Synlighet og visuell påvirkning, varighet og omfang av inngrepet og om tiltaket bryt med eksisterande bruk eller naturpreg

Forvaltningsstyresmakta ser til at forbodet vert respektert, og har ein restriktiv dispensasjonspraksis.

MERK: Da forskriften ble utformet var det fylkesmannen som var forvaltningsmyndighet for alle verneområdene. Dette må forstås som at forvaltningsmyndigheten avgjør, dvs. at det tillegger styret å avgjøre dette (Hege Langeland, jurist i MDIR, 03.03.2025).

Forskriftsreferanse

§ 3.Vernereglar

1. Landskapet

1.2 Reglane i punkt 1.1 er ikkje til hinder for:

a. Vedlikehald av bygningar og andre eksisterande innretningar. Vedlikehald omfattar ikkje ombygging eller utbygging. Vedlikehald skal skje i samsvar med tradisjonell byggeskikk.

Retningsline:

For vedlikehald kan du gjere dette utan å søkje:

- Arbeid for å hindre forfall på eksisterande bygg
- Skifte kledning, male fasade i same farge
- Taktekking med same materiale
- Vedlikehald av vindauge og dørar, byting av ruter
- Med innretningar meiner vi her t.d.: saltsteinautomatar, bruer og klopper og liknande.
- Bytte ut delar av konstruksjon av installasjon om det ikkje endrar utsjånad eller omfang

Forskriftsreferanse

§ 3.Vernereglar

1. Landskapet

1.2 Reglane i punkt 1.1 er ikkje til hinder for:

b. 1. Drift og vedlikehald av eksisterande energi- og kraftanlegg. Bruk av motorisert transport må skje i samsvar med lov om motorferdsel § 4 e.

2. Nødvendig istandsetting ved akutt utfall. Ved bruk av motorisert transport skal det i ettertid sendast melding til forvaltningsstyresmakta.

3. Oppgradering/fornying av kraftanlegg og kraftliner for heving av spenningsnivå og auking av linetverrsnitt når dette ikkje fører til vesentlige fysiske endringar i forhold til verneformålet.

Retningsline:

Verneforskrifta opnar for aktivitet knytt til drift og vedlikehald av energi- og kraftanlegg, jf. punkt 1.2 b i vernereglane. Motorferdsel i samband med dette skal skje i samsvar med motorferdselslova § 4 e. Dersom motorferdsel er påkravd i samband med akutt utfall, kan melding om motorferdsel sendast forvaltingsstyresmakta i etterkant. Også oppgradering/fornying av kraftanlegg og kraftliner for heving av spenningsnivå og auke av linetverrsnitt er tillate utan nærmare løyve, når dette ikkje fører til vesentlege fysiske endringar.

- Motorferdsel i samband med drift og vedlikehald av energi- og kraftanlegg skal haldast på lågast mogleg nivå. Dersom det ligg til rette for det, skal den motoriserte ferdsla samordnast med andre brukarar i området.
- Motorisert ferdsel i samband med akutt utfall skal meldast til forvaltingsstyresmakta/Statens naturoppsyn så raskt som råd.

Forskriftsreferanse

§ 3.Vernereglar

1. Landskapet

1.2 Reglane i punkt 1.1 er ikkje til hinder for:

c. Vedlikehald av veg i samsvar med forvaltningsplanen etter § 7 og mindre uttak av grus i eksisterande grustak der dette er nødvendig for slikt vedlikehald.*

Retningsline:

Vedlikehald av veg betyr arbeid som skal halde vegen av tilsvarande standard som ved vernetidspunktet. Slikt arbeid er m.a. å fjerne tre og buskar i vegbana, å reinske grøfter og å reparere vegen ved store nedbørsmengder, å fjerne nedrasa stein o.l. Også vedlikehald og reparasjonar av bruer og klopper på vegane er å rekne som vegvedlikehald. Det vil normalt vere tillate med nødvendig grusing og grøfting, men ikkje endring til anna vegdekke. Når det gjeld grusing omfattar dette berre fornying av berelag/slitelag der dette finst frå før.

Ynskjer ein t.d. å grusleggje ein graskledd traktorveg, må dette godkjennast av forvaltingsstyresmakta. Det er ikkje tillate å leggje om traseen eller auke vegbreidda utan løyve frå forvaltingsstyresmakta.

*Kva er mindre uttak av grus? Mindre uttak av grus er berre tillete i Hattebergsdalen landskapsvernområde, vi reknar det til å vere 1-3 m^3

Vegar og stiar som forskrifta gjeld for: Vegen frå Fossberg til kraftverket i Murabotn. Vegen frå Fossberg til Kalvatrebrua. Andre vegar enn dei lista i forvaltningsplanen, kan forvaltingsstyresmakta gje dispensasjon etter naturmangfaldlova § 48.

(Ønskjer kart over kor ein kan ta ut grus, kva vegar som kan vedlikehaldast)

Forskriftsreferanse

§ 3.Vernereglar

1. Landskapet

1.2 Reglane i punkt 1.1 er ikkje til hinder for:

d. Vedlikehald av merka stiar, skilt, bruer og løyper i samsvar med forvaltningsplanen etter § 7.

Retningsline:

Vedlikehald av merkte stigar, skilt, bruer og løyper er tillate.

Slikt vedlikehald skal følgje desse retningslinene:

- Merking av eksisterande, merkte ruter treng ikkje løyve etter vernereglane.
- Vegvisarar skal lagast i naturmateriale der det er mogleg. Vardar og anna merking skal skje på ein måte som er vanleg i området.
- Merking av fotruter skal følgje DNT-standard, men det er ynskjeleg at ein nyttar minst mogleg måling og raude T-ar.
- Du må ikkje gjere skade på kulturminne når ein merkjer ruter. Raudmåling skal aldri brukast på kulturminne.
- Du skal ta omsyn til flora og fauna når ein merkjer stigar.
- Bruer og klopper skal haldast ved like i samsvar med lokal/tradisjonell byggjeskikk. Nye bruer og klopper kan byggjast etter søknad til forvaltingsstyresmakta, jf. 1.3 f. Du treng ikkje søkje om å byggje opp att godkjende bruer og klopper som vert øydelagde til dømes på grunn av flaum, dette gjeld inntil fem år etter skaden.

a. **Forskriftsreferanse**

§ 3.Vernereglar

1. Landskapet

1.2 Reglane i punkt 1.1 er ikkje til hinder for:

e. Anlegg for sanking av beitedyr og nødvendig gjerdehald for beitedyr i samsvar med forvaltningsplanen etter § 7. Grunneigar kan setje opp feste for slikkesteinar o.l. til beitedyr.

Retningsline:

- Du treng ikkje løyve for å setje opp anlegg for sanking av beitedyr og naudsynte gjerde i samband med dyr på beite
- Avklar med forvaltar om du vil bruke nye typar gjerdematerial, eller om det er planlagt sett opp ved ein tursti, så vi finn gode løysingar for folk og dyr
- Elektriske gjerde som vert tekne ned etter bruk kvar sesong treng ikkje førehandsgodkjenning

Forskriftsreferanse

§ 3.Vernereglar

1. Landskapet

1.2 Reglane i punkt 1.1 er ikkje til hinder for:

f. Skjøtsel og drift av eksisterande dyrka mark og innmarksbeite

Retningsline:

Jordbruk er tillate i landskapsvernområdet, så lenge dette skjer i samsvar med verneføremålet.

I nedre delar (sjølve Muradalen) er landskapsvernområdet til dels sterkt prega av lang tids landbruksdrift, og kulturlandskapet er ein viktig estetisk kvalitet ved verneområdet. I dag dreiar landbruksdrifta seg i hovudsak om beiting, og ingen av driftsbygningane i verneområdet er i aktiv bruk. Beiteareala er likevel lett tilgjenge pga. grusvegen i dalbotnen. Skogen nær dagens beitemark bør kunne skjøttast ved hogst, både for å frigjere beiteareal og av landskapsestetiske årsaker. Men av omsyn til biologiske verdiar bør ein del av trea få lov til å verte gamle.

Skjøtsel og drift av eksisterande dyrka mark og innmarksbeite er tillate. Det er ønskjeleg å lage skjøtselsplanar i samarbeid mellom drivarar og forvaltning for å styrke naturverdiane i verneområdet

(*Kart med oversikt over dyrka mark, innmarksbeite, utmarksbeite, tidlegare gjødsla areal og areal som ikkje skal gjødslast.)

Forskriftsreferanse

§ 3. Vernereglar

1. Landskapet

1.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

a. Ombygging og utviding av eksisterande bygningar.
b. Ny oppføring av bygningar som er skada ved brann eller naturskade.
c. Riving av bygningar som pregar landskapet sin art og karakter.
d. Oppføring av nye bygningar i samband med jordbruk, skogbruk og husdyrnæring, herunder oppattbygging av stølshus.
e. Rydding av nytt innmarksbeite.
f. Bygging av bruer og klopper som er nødvendige i samband med beitebruk og friluftsliv.
g. Merking og opparbeiding av turstiar.
h. Tiltak for å hindre skorfeste.
i. Bygging av enkle driftsvegar til mellombels bruk for uttak av kulturskog i samsvar med forvaltningsplanen etter § 7.
j. Oppgradering/fornying av energi- og kraftanlegg som ikkje fell inn under § 3 punkt 1.2.b.
k. Framføring av nye kraftleidningar.

Ombygging, utviding og nybygg skal skje i samsvar med tradisjonell byggeskikk og vere tilpassa landskapet.

Generelle retningsliner i byggjesaker

Det skal vere ei restriktiv praksis for å gi løyve til nye bygg. Vernereglane gir ei klar avgrensing og opnar for oppføring av nye bygg i samband med husdyrnæring, oppsyn eller om bygg går tapt ved brann eller annan naturskade. I landskapsvernområda blir alle byggesaker vurderte etter reglane i Plan- og bygningslova (PBL) hjå kommunen og etter verneforskrifta. Fylkeskommunen får byggjesaker til fråsegn og kan gje råd og rettleiing om tradisjonell byggjeskikk og vedlikehald av kulturminne. Det vil bli sett som vilkår i byggeløyvet at tiltakshavar må dokumentere ferdigstilling av tiltaket ved å legge fram minst tre bilete frå ulike vinklar av det utførte arbeidet. Det blir sett ein frist på 3 år for gjennomføring av tiltak

Råd og omsyn i alle byggesaker

Bygg skal ha ei nøktern utforming i tråd med lokale byggetradisjonar. Dette kan variere frå støl til støl, og utforming skal avklarast gjennom samarbeid mellom forvaltning, grunneigar og fylkeskommune. Likevel skal ein ha nokre generelle retningslinjer å forhalde seg til. All bygging verneområda skal føre med seg minst mogleg motorisert transport både i byggjefasen og i drifts- og vedlikehaldsfasen. Du skal halde deg til lokale byggetradisjonar og unngå material som blir avfallsproblem ved eventuell fornying og vedlikehald.

Generelle råd:

- Ved byggjeverksemd skal det takast særlege omsyn til kulturlandskap, kulturmiljø og kulturminne, jf. Kulturminnelova.
- Krav til bygg:
- Innvendig vegghøgde bør ikkje vere høgare enn 200cm.
- Takvinkel bør liggje mellom 22 og 28 grader. Takutstikk skal følgje den lokale byggetradisjonen i området.
- Alle bygg bør ha saltak i lengderetninga i høve til terrenget. Unntak kan vere steinbuer som ligg inn i bakken med gavl ut.
- Bygget skal ikkje vere framtredande eller ruvande i terrenget, unngå silhuettverknad.
- Ved bygging i skrånande terreng er det særleg viktig med terrengtilpassing for å unngå høge fasadar.
- Bygg bør ha ein enkel bygningskropp med gode proporsjonar.
- Grunnmur bør vere lågast mogleg og helst av naturstein. (Uttak av lokal stein er søknadspliktig). Dersom ramma vert sett på pelar skal mellomrom mellom pelar blendast/skjulast.
- Unngå store og mange vindauge. Ved oppdeling av vindauge bør dei ha gjennomgåande sprosser. Vurder bruk av lemmar for vindauge og dører når bygningen ikkje er i bruk.
- Det bør nyttast virke av god kvalitet til utvendig kledning. Unngå bruk av “villmarkspanel". Kledning av god kvalitet kan gjerne stå ubehandla.
- Det skal søkjast om løyve til uttak av lokal stein og torv til byggjematerial.
- Samla øvre arealgrense etter tilbygg/ombygging er ~45 m2 inkl. uthus (areal utrekna frå ytterkant av reisverk).
- Uthus skal helst byggast som tilbygg på eksisterande bygg i same stil.
- Grunnlag for uthus kan vere lagring av ved, bensin, propan, anna utstyr og sanitære tilhøve.
- Maksimal storleik på uthus er sett til ~10 m2

Søknad om byggjetiltak bør innehalde:

- Foto av byggetomt og plassering i høve til andre bygg og terreng frå fleire vinklar
- Kartutsnitt som skildrar kvar tomta/bygget ligg, samt oversiktskart og detaljkart.
- Fagmessig utførte byggteikningar som skildrar snitt, fasadar og plan
- Byggets tilpassing til terrenget eventuell eksisterande bygningsmasse, med terrengsnitt (naudsynt graving, murhøgde/pelar).
- Utfyllande opplysningar om grunnlaget for søknad om nybygg og større tilbygg: ressursgrunnlag, areal, beitedyr, utmarksressursar som vert hausta frå omsøkt bygg.
- Eigartilhøve skal vere avklart når du sender byggesøknad. Forvaltningsstyresmakta kan krevje at dette skal dokumenterast før endeleg vedtak.

Forskriftsreferanse

§ 3.Vernereglar

1. Landskapet

1.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

a. Ombygging og utviding av eksisterande bygningar.

Retningsline:

Ombygging: Søknadspliktige tiltak innanfor totalarealet til eit bygg. Fasadeendring, installasjon av solcellepanel, nye dørar og vindauge m.m.

Utviding: Alle tiltak som aukar arealet til eit bygg

Mindre tiltak som brygger, plattingar, badstue, solcellepanel og liknande er søknadspliktige etter vernereglane.

For å gjennomføre tiltak på bygningar som fører til endringar i utsjånad, form og storleik, må det søkjast om løyve, jf. pkt. 1.3 a i vernereglane. Ved vurderinga vil det verte lagt stor vekt på estetikk og landskapsbilete i tillegg til omfanget av endringane. I ein søknad om ombygging/utviding er det svært viktig at behovet for eventuelle endringar vert gjort godt synleg.

Forskriftsreferanse

§ 3.Vernereglar

1. Landskapet

1.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

b. Ny oppføring av bygningar som er skada ved brann eller naturskade.

Retningsline:

Normalt vert det gjeve løyve til oppattbygging av bygningar som er gått tapt i brann eller ved annan naturskade. Om bygningen hadde ei uheldig plassering med tanke på verneverdiane bør bygningen byggjast opp at på meir eigna stad på eigedomen.

Forskriftsreferanse

§ 3.Vernereglar

1. Landskapet

1.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

c. Riving av bygningar som pregar landskapet sin art og karakter.

Retningsline:

Det er opna for å søkje om å rive bygningar som er i forfall eller ikkje i bruk lenger. Det er viktig å rive bygg som ikkje er brukande for å unngå fare for folk og dyr og slike saker vil normalt sett få løyve. Elles gjeld reglane om å ikkje etterlate seg avfall i verneområda og det vil bli gitt løyve til motorferdsel for å frakte bygningsrestar ut av verneområda.

Forskriftsreferanse

§ 3.Vernereglar

1. Landskapet

1.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

d. Oppføring av nye bygningar i samband med jordbruk, skogbruk og husdyrnæring, herunder oppattbygging av stølshus.

Retningsline:

Det er opna for å gi løyve til bygg og anlegg i samband med husdyrnæring, og dei følgjer dei generelle retningslinene. Ved oppattbygging av stølshus er det viktig å hente inn kunnskap om tradisjonell byggeskikk. Du må søkje om å få setje opp le for utegangarfe og nasjonalparkstyret kan setje vilkår m.a. om plassering, val av material og utforming.

Søkjar skal også leggje ved landbruksfagleg dokumentasjon på at tiltaket er naudsynt for drifta, du kan kontakte den kommunale landbruksforvaltninga i din kommune for rettleiing.

Forskriftsreferanse

§ 3.Vernereglar

1. Landskapet

1.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

e. Rydding av nytt innmarksbeite.

Retningsline:

Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til å rydde nytt innmarksbeite. Område som tidlegare ikkje har vorte gjødsla skal ikkje gjødslast. Det er ønskjeleg å lage skjøtselsplanar i samarbeid mellom drivarar og forvaltning for å styrke naturverdiane i verneområdet

Definisjon frå NIBIO:

Innmarksbeite: Jordbruksareal som kan brukast som beite, men som ikkje kan haustast maskinelt. Minst 50 % av arealet skal vere dekka av kulturgras og beitetålande urter.(Beiterettleiar_Nibio_20200515.pdf)

Forskriftsreferanse

§ 3.Vernereglar

1. Landskapet

1.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

f. Bygging av bruer og klopper som er nødvendige i samband med beitebruk og friluftsliv.

Retningsline:

Om søkjar kan dokumentere at bruer og klopper er nødvendige i samband med beitebruk eller friluftsliv kan styret gi løyve. Omlegging av trasear av omsyn til tryggleik og som følgje av ras eller flaum vil også som regel få løyve. Tiltak må tilpassast best byggeteknikk for området, sjå Stiskulen til Statens naturoppsyn for informasjon.

- Ved godkjenning av søknadar om løyper og turruter kan det knytast vilkår til merking, skilting, ansvar for vedlikehald og eventuelle tiltak for å avbøte på terrengslitasje og annan skade.
- Merking og vedlikehald av sti skal følgje retningslinene i merkehandboka.no.

Forskriftsreferanse

§ 3.Vernereglar

1. Landskapet

1.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

g. Merking og opparbeiding av turstiar

Retningsline

Styret vil vere restriktive med å merke nye ruter, og stiller krav til søkjaren:

- Dokumenter behov for merking, klopping og bruer i samband med beitebruk eller friluftsliv.
- Ved omlegging av trasear av omsyn til tryggleik
- Tiltak må tilpassast best byggeteknikk for området, sjå Stiskulen til Statens naturoppsyn for informasjon
- Merking og vedlikehald av sti skal følgje retningslinene i merkehandboka.no.
- Ved godkjenning av søknadar om løyper og turruter kan det knytast vilkår til merking, skilting, ansvar for vedlikehald og eventuelle tiltak for å avbøte på terrengslitasje og annan skade.
- Naudsynt merking av stigar og tryggleik kan vurderast innanfor vernegrensa.
- Anna skilting og merking skal skje utanfor vernegrensene, ved mykje nytta innfallsportar eller i tilknyting til eksisterande bygg eller anlegg, t.d. turisthytter.

I forskriftene for landskapsvernområda er det falle bort opning for å gje løyve til skilting i verneområda, dette må vurderast etter § 48 i naturmangfaldlova, og vil elles følgje same retningsliner som i Folgefonna nasjonalpark.

Forskriftsreferanse

§ 3.Vernereglar

1. Landskapet

1.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

h. Tiltak for å hindre skórfeste

Retningsline:

Sjå retningslinene for gjerding og stiar.

Forskriftsreferanse

§ 3.Vernereglar

1. Landskapet

1.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

i. Bygging av enkle driftsvegar til mellombels bruk for uttak av kulturskog i samsvar med forvaltningsplanen etter § 7.

Retningsliner

Enkle driftsvegar er i denne samanhengen vegar som med relativt liten innsats kan tilbakeførast til opphavleg terreng. Fylling eller planering skal berre gjerast over korte strekningar og ikkje føre til meir enn 1 m avvik frå opphavleg terrengnivå. Sprenging er ikkje tillate.

Sjå elles oversikt over kulturskog (kart skal lagast).

Forskriftsreferanse

§ 3.Vernereglar

1. Landskapet

1.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

j. Oppgradering/fornying av energi- og kraftanlegg som ikkje fell inn under § 3 punkt 1.2.b.

Retningsline:

Alle tiltak som vil endre energi- og kraftanlegget frå dagens omfang og utsjånad krev løyve frå nasjonalparkstyret. Dette gjeld også tiltak som er påkravd frå regulantmyndigheit. Føremålet med dette er å finne løysingar som kan tilpasse seg omgjevnadene utan negativ påverknad av landskapet sin art og karakter.

**Vise alle aktuelle installasjonar på kart.*

Forskriftsreferanse

§ 3.Vernereglar

1. Landskapet

1.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

k. Framføring av nye kraftleidningar.

Retningsline:

Alle tiltak som vil endre energi- og kraftanlegget frå dagens omfang og utsjånad krev løyve frå nasjonalparkstyret. Dette gjeld også tiltak som er påkravd frå regulantmyndigheit. Føremålet med dette er å finne løysingar som kan tilpasse seg omgjevnadene utan negativ påverknad av landskapet sin art og karakter.

*Vise alle aktuelle installasjonar på kart.

Forskriftsreferanse

§ 3.Vernereglar

2. Plantelivet

2.1 Vern av vegetasjon

Plantelivet skal vernast mot skade og øydelegging. Det er forbode å innføre nye planteartar.

2.2 Beite

Beite er tillate.

2.3 Hogst

Reglane i punkt 2.1 er ikkje til hinder for:

a. Hogst av ved til eigen bruk for hytter, stølar o.l. i landskapsvernområdet.

b. Avverking av ståande kulturskog, etablering av ny skog med stadeigne treslag og nødvendige skogkulturtiltak i samsvar med forvaltningsplanen etter § 7.

c. Hogst i samsvar med plan godkjent av forvaltningsstyresmakta.

3. Dyrelivet

3.1 Vern av dyrelivet

Det er ikkje tillate å innføre nye dyreartar.

3.2 Jakt og fiske

Jakt er tillate etter viltlova.

Fiske er tillate etter lakse- og innlandsfisklova.

Retningsliner:

Beite er tillate i heile verneområdet. Det er ønskjeleg å lage skjøtselsplanar i samarbeid mellom drivarar og forvaltning for å styrke naturverdiane knytt til kulturlandskap i verneområdet.

Du kan plukke sopp, bær og friske blomar og kvist til eige bruk, men ikkje til næringsføremål. Elles skal all vegetasjon vernast mot skade.

Du kan hogge ved på eigen eigedom til bruk for hytter og stølar o.l. i landskapsvernområdet

- Hogsten skal vere mest mogleg sporlaus
- Prioriter område prega av attgroing, t.d. rundt stølsvollar
- Hogg: Bjørk, selje, gråor, framande treslag (gran, sitkagran, lerk og buskfuru)
- Ikkje hogg: Daude tre, alm, ask, hassel, osp og hegg, elvenær skog.

Ståande kulturskog kan hoggast etter desse krava:

- Teigar med planta gran og lerk som er økonomisk interessante for hogst kan stå til dei er hogstmodne, men skal då fjernast heilt. Teigar med planta gran og lerk som ikkje er økonomisk interessante, bør hoggast som skjøtselstiltak, nasjonalparkstyret kan søkje om finansiering til hogst.

- Du må sei frå til forvaltar når og kvar du tek til med hogst. Forvaltingsstyresmakta og det lokale landbrukskontoret kan gje tilleggsråd om korleis hogsten bør tilpassast det aktuelle området
- All tilplanting skal skje med stadeigne treslag.

*Kart over framande treslagsbestand som skal ut, kart over kulturskog med og utan plan. Kart som viser skog som skal skjermast frå hogst. Kart som viser område for vedhogst og buffer langs elv.

Forskriftsreferanse

§ 3.Vernereglar

4. Ferdsel

4.1 Generelt om ferdsel

All ferdsel skal skje med varsemd og slik at det ikkje skjer skade på naturmiljø eller kulturminne.

4.2 Organisert ferdsel

Reglane i denne forskrifta er ikkje til hinder for organisert turverksemd til fots så lenge naturmiljøet ikkje blir skadelidande. Annan organisert ferdsel og ferdselsformer som kan skade naturmiljøet må ha særskilt løyve av forvaltningsstyresmakta. Utover dette vises det til forvaltningsplanen i § 7.

4.3 Bruk av sykkel og hest

Sykling og organisert bruk av hest er berre tillate på veger eller trasear som er godkjend for slik bruk i forvaltningsplanen etter § 7.

4.4 Regulering av ferdsel

Innafor landskapsvernområdet kan Miljødirektoratet ved forskrift regulere eller forby ferdsel som kan vere til skade for naturmiljøet.

4.5 Generelle unnatak for ferdsel

Reglane i punkt 4 gjeld ikkje nødvendig ferdsel ved gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgaver bestemt av forvaltningsstyresmakta.

Retningsliner:

All ferdsel og aktivitet skal vere omsynsfull og varsam slik at ein ikkje skadar natur eller kulturminne. Friluftslivet skal byggje på enkle friluftslivstradisjonar, med vekt på det naturvenlege friluftslivet. Organisert ferdsel og andre ferdselsformer som kan skade naturmiljøet må ha løyve frå forvaltingsstyresmakta

Vilkår for løyve til organisert ferdsel

- Faste arrangement kan få fleirårige løyve, men med klare vilkår.
- Reine reiselivstiltak som medfører fysiske inngrep, skal leggjast utanfor nasjonalparken.
- System for å handtere toalettavfall slik at det ikkje blir liggande igjen i nasjonalparken. (toalett på turisthyttene kan nyttast)
- Toalettavfall skal takast med ut av nasjonalparken.
- Avfall blir teke med ut av nasjonalparken og levert i godkjent avfallscontainer/søppeldunk
- Der det er tilrettelagte stiar, steinlagt, gruslagt, klopplagt, eller på annan måte merka eller skilta, bør stien til ein kvar tid følgast.
- Bålbrenning på godkjente bålplasser.

Sykling er berre tillate på grusvegen i Muradalen.

Organisert ferdsel med hest er tillate på grusvegen i Muradalen. Sporadisk bruk av hest er tillate i heile verneområdet.

Med organisert ferdsel meiner vi planlagt, koordinert og leia. Kunngjort på førehand eller gjentakande aktivitet og fleir enn 50 deltakarar

§3 punkt 5. Motorferdsel

5.1 Forbod mot motorferdsel

Motorferdsel er forbode på land utanom vegane, vatn og i lufta under 300 meter.

5.2 Reglane i punkt 5.1 gjeld ikkje:

a. Nødvendig motorferdsel ved militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgaver bestemt av forvaltningsstyresmakta.
b. Nødvendig motorferdsel i samband med jordbruk, skogbruk og husdyrnæring.
c. Nødvendig motorferdsel i samband med vedhogst i samsvar med punkt 2.3.
d. Nødvendig motorferdsel for uttransport av felt storvilt.

5.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

a. Øvingskjøring til formål nemnt i punkt 5.2.a.
b. Bruk av beltekjøretøy på vinterføre eller helikopter for transport av material, utstyr og proviant til hytter, stølshus o.l.
c. Nødvendig motorferdsel i samband med oppgradering/fornying av kraftanlegg og kraftliner, jf. § 3 punkt 1.2.b.3.

5.4 Regulering av motorferdsel

Forvaltningsstyresmakta kan forby eller regulere motorferdsel på vegane i landskapsvernområdet i samsvar med forvaltningsplanen etter § 7, dersom dette er nødvendig for å sikre verneformålet.

Utheva felt: Særeigne reglar for Hattebergsdalen LVO.

Retningsliner

Det generelle forbodet mot motorferdsel gjeld også i landskapsvernområda, men her opnar verneforskrifta i noko større grad for motorferdsel enn det som er tilfelle for nasjonalparken.

I praksis betyr dette at ein i landskapsvernområda i fleire tilfelle kan nytte motorisert køyretøy utan å søkje om løyve. Slike tilfelle er lista opp i punkt 5.2 i vernereglane. Bruken skal vere nødvendig og gjeld for køyretøy på hjul eller belte (t.d. ATV), jf. Lov om motorferdsel. Bruk av fly eller helikopter må det alltid søkjast om løyve til.

Nødvendig motorferdsel i samband med jordbruk, skogbruk og husdyrnæring er tillate.

Nødvendig transport i denne samanheng er frakting av utstyr til bruk i næringa, slik som saltsteinar, gjerdematerialar, utstyr for ved- og tømmerhogst, materialar for vedlikehald av tilsynsbuer og stølshus, og frakt av sjuke dyr og naudslakt.

Uttransport av felt storvilt

- Motorferdsel på bakken bør skje på eksisterande vegar og traktorvegar.
- Bruk av helikopter til transport av felt vilt er lite ønskeleg i landskapsvernområdet. Slik transport er søknadspliktig til kommunen etter Lov om motorferdsel, og kommunen vil føre ein restriktiv praksis. Om det vert gjeve løyve frå kommunen , må det skildre kor mange landingar (hiv) og kva lokalitetar det gjeld, og kor mange turar t/r lokalitet. Ein bør på førehand varsle Statens naturoppsyn om transporten

- Motorferdsel på grusvegen inn til Murabotn er ikkje underlagt særskilte restriksjonar etter vernereglane, men grunneigarane sine restriksjonar på motorferdsel for dei utan bruksrett bør halde fram.
- Motorferdsel i samband med drift og vedlikehald av energi- og kraftanlegg skal haldast på lågast mogleg nivå. Dersom det ligg til rette for det, skal den motoriserte ferdsla samordnast med andre brukarar i området.
- Motorisert ferdsel i samband med akutt utfall skal meldast til forvaltingsstyresmakta/Statens naturoppsyn så raskt som råd.
- Motorferdsel i samband med dette skal skje i samsvar med motorferdselslova. Dersom motorferdsel er påkravd i samband med akutt utfall, kan melding om motorferdsel sendast forvaltingsstyresmakta i etterkant.

Forskriftsreferanse:

§ 4.Generelle dispensasjonsreglar

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unnatak frå reglane når formålet med vernet krev det, for vitskaplege granskingar, for arbeid av vesentleg samfunnsmessig verdi, eller i andre særlege tilfelle når dette ikkje er i strid med verneformålet.

Naturmangfaldlova § 48 har avløyst dei generelle dispensasjonsreglane i kvar enkelt verneforskrift.

§ 5.Forvaltningsplan

Forvaltningsstyresmakta kan setje i verk tiltak for å fremje formålet med vernet. Det skal utarbeidast ein forvaltningsplan med nærare retningsliner for forvaltning, skjøtsel, tilrettelegging, informasjon m.m. Forvaltningsplanen skal godkjennast av Miljødirektoratet.

§ 6.Forvaltningsmynde

Miljødirektoratet fastset kven som er forvaltningsstyresmakt for verneforskrifta.

§ 7.Rådgivande utval

Forvaltningsstyresmakta kan opprette eit rådgivande utval for forvaltning av landskapsvernområdet.

§ 8.Iverksetting

Denne forskrifta trer i kraft straks.